


TENKT Å BLI GRAVID?

BLI MED I STUDIE PÅ KK





PLANLEGG DU Å BLI GRAVID?

Kan du tenke deg å delta i eit forskingsprosjekt ?

Vi er eit team ved Kvinneklinikken på Haukeland universitetssjukehus som ser på fosterutvikling og ønskjer kontakt med deg som har tenkt å bli gravid.

VI VIL VITE MEIR OM TIDLEG SVANGERSKAPSUTVIKLING

CONIMPREG (conception-implantation interval in pregnancy) er ein studie der vi ønskjer å finne fosterets nøyaktige alder, utvikling, lengda på svangerskapet, barnets vidare vekst etter fødsel og kva slags faktorar som påverkar dette.

Vi trur at viktige føresetnader for helseutviklinga til barnet seinare i livet, blir lagt allereie i den tidlegaste fasen av svangerskapet.

I studien vil vi kartlegge din eggløysing, kor tid det befrukta egget festar seg i livmora, fosterets vekst, lengda på svangerskapet, utviklinga til barnet etter det er fødd, samt faktorar kring befrukting og svangerskap som kan påverke denne utviklinga.

KVA SKJER?

Før du er gravid


Vi registrerer: Kosthaldet ditt, tar kroppsmåling, prøver av morgonurin i tida rundt eggløysing og når egget fester seg i livmora. Nokre prøver vil bli fryst ned for seinare undersøkingar.

Når du er blitt gravid

Vi tar regelmessige ultralydundersøkingar av fosteret, i tillegg til blodprøver av deg. Kvar undersøking vil vare i om lag 45 minuttar og vi vil gjere vårt beste for å tilpasse tidspunkta slik at det passar deg best mogleg.

Ved fødsel

Når barnet er fødd vil vi ta prøver frå morkaka og navlesnora. I tillegg tek vi litt spytt frå munnen, ein



lita bit av naglen og nokre hårstrå frå barnet. Vi tar blodprøve av mor og far.

Barnet

Fram til 5-års alder vil vi ta kroppsmåling av barnet (vekt, høgde og muskelmasse).

KVEN KAN DELTA?

Vi ønsker å komme i kontakt med friske kvinner mellom 20-35 år som planlegg å bli gravide. Det er frivillig å delta i studien og du kan når som helst trekke deg utan at det påverkar avdelinga si behandling av deg.

INFORMASJONEN OM DEG

Data vi samlar inn og informasjonen som registrerast, blir oppbevarte etter eigne retningslinjer og vil ikkje bli brukt til anna enn det som er hensikta bak studien. Resultata blir anonymiserte og kan ikkje bli knytt til den enkelte deltakar. Alt helsepersonell involvert i Conimpregstudien har teieplikt.

Vennleg helsing
Seksjon for fostermedisin og ultralyd

KONTAKT OSS

Ta kontakt med oss via SMS eller e-post.
Skriv berre namn og telefonnummer.
Vi kontaktar deg i løpet av 2-3 dagar.

Send SMS til 47 72 52 50

E-post: conimpregstudien@helse-bergen.no



LES MEIR

www.helse-bergen.no/Conimpregstudien

www.helse-bergen.no/kk

Kvinneklinikken, Haukeland universitetssjukehus
Telefon: 55 97 42 00